



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Kommunar og fylkeskommunar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/7569

26.06.2017

Orientering om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet til fordeling i 2018

Orienteringa gjeld tilskot av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, for søknadsordningane *ordinære anlegg* og *nærmiljøanlegg*.

Frå og med 1. oktober kan det søkjast om tilskot til bygging og/eller rehabilitering av anlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd. Søknadsskjema vert gjort tilgjengeleg på www.idrettsanlegg.no. Vær oppmerksom på at skjemaet opnar seinare enn tidlegare år, grunna overgang til nytt elektronisk søknads- og fagsystem for ordningane.

Alle føresegner om tilskot av spelemidlane til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i 2017 finst i vedlagte V-0732 *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2017*. Føresegnene vert berre gitt ut på bokmål frå 2017. Føresegnene og anna informasjonsmaterieil kan hentast på Kulturdepartementet si nettside www.idrettsanlegg.no. Trykt versjon vert sendt til kommunar og fylkeskommunar når denne er klar.

Offentlege etatar/verksemdar kan bestille publikasjonane frå Service- og tryggingorganisasjonen til departementa via nettsida www.publikasjoner.dep.no.

Departementet ønskjer med dette brevet å informere om følgjande tema:

- **søknadsprosedyre**
 - o kommunale fristar
 - o krav til søkjar
 - o anlegget sin plass i kommunal plan, og sjekklister for vurdering av anleggsbehov
 - o rehabilitering av anlegg
 - o idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar
- **anleggsregisteret**
 - o nytt søknadsskjema og fagsystem
 - o årleg oppdatering av registeret
- **kompetansebasen godeidrettsanlegg.no.**

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 866

Avdeling
Avdeling for
sivilsammfunn og idrett

Saksbehandlar
Daniel Storholthe
Kristiansen
22 24 78 37

Søknadsprosedyre

Kommunale fristar

Søknader vert sende inn elektronisk i skjema tilgjengeleg via nettsida www.idrettsanlegg.no. Søknadskjemaet opnar fyrst 1. oktober. Søknaden vert automatisk send kommunen der anlegget skal byggjast/vert rehabilitert. Kommunane fastset sjølve fristar for innsending av søknader for søkjarar i sin kommune. Kommunane skal kontrollere og prioritere søknader, og sende desse til fylkeskommunen innan 15. januar 2018.

Krav til søkjar

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot i form av spelemidlar ikkje skal skape grunnlag for fortenebaserte eigarformer. For oversikt over kven som kan søkje tilskot, sjå V-0732 pkt. 2.2.1 for ordinære anlegg, og pkt. 3.3.1 for nærmiljøanlegg. Søkjarar må vere registrerte i Einingsregisteret og vere gitte eit organisasjonsnummer.

Anlegget sin plass i kommunal plan og sjekklister for vurdering av anleggsbehov

Anlegg det vert søkt om tilskot til skal inngå i ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Departementet har utarbeidd ei sjekklister for relevante forhold som inngår i vurdering av anleggsbehov i ein kommune. Sjekklister er tilbod om eit hjelpemiddel i arbeidet med datainnsamling og medverknad som gjerast i samband med behovsvurderingar. Sjekklister inngår i føresegnene som vedlegg 8.

Rehabilitering av anlegg

Det kan søkjast om tilskot til rehabilitering av anlegg etter 20 års brukstid. For idrettsdekke og einskilde andre element, samt for alle nærmiljøanlegg, kan det søkjast om tilskot etter 10 års brukstid. For detaljinformasjon om tilskot til rehabilitering av ordinære anlegg, sjå V-0732 pkt. 2.4, og for nærmiljøanlegg pkt. 3.4.1.

Nærmare informasjon finst også i publikasjon V-0977 *Rehabilitering/ombygging av eldre idrettsanlegg*.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar

Planar det vert søkt om tilskot til, må ha vore gjennom ei vurdering og ha fått ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for å sikre at anlegget varetek idrettslege behov og gode idrettsfunksjonelle løysingar. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning **må** vere gitt før byggjearbeida vert starta. Det vert vist til V-0732 pkt. 2.5 med underpunkt. Det vert også vist til departementet sin rettleiar for idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning, V-0985.

Departementet har gitt kommunane fullmakt til å førehandsgodkjenne planar for alle ordinære anlegg, unnateke symjeanlegg, kunstisanlegg og nasjonalanlegg. Av kapasitetsomsyn oppmodar departementet om at idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av andre anlegg berre vert sendt departementet til behandling i heilt nødvendige tilfelle. Departementet minner om at fristen for slike oversendingar - 15. november - må overhaldast for at ein skal kunne rekne med at slike saker verte behandla i tide.

Anleggsregisteret

Nytt søknadsskjema og fagsystem

Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet utviklar ny søknadsportal og nytt fagsystem for tilskotsordningane for anlegg. Den nye løysinga for søknadsskjema, fagsystem for saksbehandlarar og publikumsportal vil heite Anleggsregisteret. Nytt søknadsskjema vil vere tilgjengeleg frå og med 1. oktober 2017 via www.idrettsanlegg.no.

Nytt fagsystem for saksbehandlarar i ordningane vil verte tilgjengeleg innan søknadsskjemaet vert lansert. Departementet og/eller Lotteri- og stiftelsestilsynet vil delta på fylkesvise samlingar for kommunane innan lansering av nytt fagsystem, for introduksjon av, og innføring i dei nye systema.

Årleg oppdatering av registeret

For at tilskotsordningane skal fungere optimalt, samt for å tilby forvaltninga og publikum eit godt informasjonsgrunnlag, er det viktig at kommunane oppdaterer informasjon om anlegg i sin kommune i Anleggsregisteret. Kommunane har frist til 15. februar 2018 for slik oppdatering. Nærmare rettleiing vil verte gitt i eige brev i løpet av hausten 2017.

Kompetansebasen [godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no)

Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU i Trondheim har med tilskot frå Kulturdepartementet og Norges idrettsforbund utvikla ei webløysing som inneheld informasjon om ulike anleggstypar, gode eksempel på anlegg, planløysingar og andre aktuelle forhold. Det finst også rettleiing og støttefunksjonar for prosjektering og prosjektgjennomføring. Nettstaden har adresse www.godeidrettsanlegg.no og er open for alle.

Verktøyet er meint å vere ein portal for etterspurt kompetansedeling blant prosjekt-/anleggseigarar, og til inspirasjon/rettleiing for dei som skal i gong med nye anleggsprosjekt. Departementet oppmodar kommunane og andre anleggseigarar om å hjelpe til i arbeidet med å fylle databasen med godt innhald. Kontaktinformasjon finst på nettstaden.

Med helsing

Per Kristian Aasmundstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Daniel Storholthe Kristiansen
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar